

VEDTEKTER

FOR

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Org.nr. 984 882 092

§ 1 **Namn**

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Energi AS.

§ 2 **Forretningskontor**

Selskapet sitt forretningskontor er i Gloppen kommune.

§ 3 **Føremål**

Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.

Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarande formål.

Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.

Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.

§ 4 **Aksjekapital**

Selskapet sin aksjekapital er totalt NOK 774.589.900 fordelt på 5.163.931 A-aksjar pålydande NOK 100 og 2.581.968 B-aksjar pålydande NOK 100.

To tredjedelar av aksjane skal vere A-aksjar, og ein tredjedel skal vere B-aksjar. A-aksjane kan kun eigast av og vere omsettelege til aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.

§ 5 **Styre og dagleg leiar**

Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer med like mange personlege varamedlemer.

Inntil 6 medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette.

Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret.

Alle val gjeld for 1 eller 2 år etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Ved fastsetting av valperiode for den einskilde styremedlem, skal det leggest til rette for ei rullering av styret slik at 3 av styret sine aksjonærvalde medlemmar, mellom desse

styret sin leiar eller nestleiar, får 2 år gjenstående funksjonstid. Styremedlemene kan ta attval.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades. Er stemmetalet likt, er møteleiaren si stemme avgjerande. Dei som stemmer for ei avgjerd må likevel utgjere meir enn ein tredjedel av alle stryemedlemmer.

Styret tilset og eventuelt avset adm.direktør som dagleg leiar for selskapet. Adm.direktør har rett og plikt til å delta i styremøta.

§ 6 Teikning av firma

Styreleiar saman med adm.dir bind verksemda med sine underskrifter. Styret kan meddele prokura.

§ 7 Generalforsamling

Styreleiar kallar inn til generalforsamling med minst 14 dagars varsel, rekna frå utsending av innkalling.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame desse sakene:

1. Fastsette resultatrekneskap og balanse, herunder disponering av overskot og eller dekning av underskot
2. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
3. Val av revisor
4. Fastsetting av honorar for styremedlemmer og revisor
5. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga sin kompetanse, og som er nemnt i innkallinga.

§ 8 Overdraging av aksjar

Selskapet sitt styre skal godkjenne overdraging av aksjar. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn.

Ved overdraging av aksjar har dei øvrige aksjonærane forkjøpsrett.

§ 9 Valkomitè

Generalforsamlinga vel for to år av gongen tre medlemmer av ein valkomitè som skal vere aksjeeigarar eller representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valkomitèen. Valkomitèen skal gje innstilling til generalforsamlinga om val av aksjonærvalte styremedlemmer og varamedlemmer, herunder forslag på styreleiar og nestleiar.

§ 10 Forholdet til aksjelova

For øvrig vert det vist til den til ei kvar tid gjeldande aksjelov.

Dato: 20.06.2019